

Det skal gå rundt for øko-kyrne på Tingvoll gard

Nordmørskommunen Tingvoll har sida midten på 80-talet vakse fram som ein liten øko-hovudstad, med forskning, utvikling og praktisk økologisk landbruksproduksjon. Neste steg i utviklinga er bygging av nytt fjøs, som vil bli eit signalbygg for nye og alternative løysningar. Det sirkelrunde fjøset er òg del av ein større plan for eit økologisk kunnskaps- og opplevingssenter.

Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK) har heile tida vore ein viktig pådrivar for utviklinga av den økologiske ideen i Tingvoll. Det resulterte mellom anna i forskingsinstituttet Bioforsk Økologisk i 2007 blei etablert på Tingvoll gard, den gamle prestegarden i Tingvoll, som stiftinga eig. Kommunens sterke kompetanse-miljø gjer seg òg sterkt gjeldane i regionen, med god kontakt og samspel med einskapsfylket Møre og Romsdal.

Ikkje firkanta

Då den gamle driftsbygningen på Tingvoll gard ikkje lenger møter krava til økologisk husdyrhald og ei moderne gardsdrift, stod NORSØK overfor valet mellom omfattande renovering eller nybygg. – Valet fall på nybygg, seier styreleiar Kristin Sørheim, som fekk resten av eit entusiastisk styre med på det sirkelrunde alternativet. – Me vurderte fleire løysingar, seier Sørheim, men i sum ser me at omsynet til dyrevelferd, praktisk drift og tilrettelegging for besøkande blir tatt best i vare med denne fjøsløysinga. I tillegg vil me få eit billegare fjøs enn eit tradisjonelt bygg, og eit signalbygg med stor besøksverdi for både gardbrukarar og befolkninga elles.

Få ny energi i Tingvoll!

For stiftinga siktar lengre enn å berre gjere seg attraktive for øko-kyr. I samarbeid med Bioforsk Økologisk og Tingvoll kommune har det i lengre tid vore arbeidd med ein plan for å utvikle eit opplevings- og kunnskapssenter på Tingvoll gard. Møre og Romsdal fylke har allereie funne det formålsteneleg å legge eit av sine sentra for fornybar energi til garden. Bio- og solenergi står òg sentralt når det gamle fjøset skal byggast om for å kunne ta imot 20 000 besøkande årleg. – Me vil utvikle Tingvoll gard til ein solid reiselivsattraksjon i regionen, seier ordførar Ole Morten Sørvik. – Øko-kommunen har mykje å vise fram og viktig kunnskap og gode opplevinga me gjerne vil at folk skal ta del i, seier han. Det vil bli både krevjande og spennande å finne dei gode løysningane kunnskaps- og opplevingssenteret, slik at det fell godt inn i kulturlandskapet rundt middelalderkyrkja og prestegarden.

Unikt innhald

Gjennom tilrettelagde opplevingar både inne og ute kan barn, unge og vaksne mellom anna lære meir om husdyrhald, økologisk mat, fornybar energi, biologisk mangfald, framtidshuset, kulturlandskapet og samanhengen mellom menneske og natur. Det er arkitektfirmaet Gaia som har hatt oppdraget med å utforme dei praktiske skissene for opplevingssenteret, som vil bli det første av sitt slag i Noreg.



Den nye driftsbygningen på Tingvoll gard skal ha ei rund utforming i avdelinga for oppstalling, lufteareal, mjølkning og føring. Ein del av dei tekniske funksjonane i fjøset er samla i den firkanta delen. Skisse: Tore Vik, Møre og Romsdal fylke.